



Vest-Telemarkrådet

INNKALLING TIL RÅDSMØTE

Til: Ordførarane og rådmennene i Vest-Telemark
Dato: Tysdag 13. oktober 2020 kl. 10.00
Stad: Tuddal Høyfjellshotel

Kviteseid, 6. oktober 2020

Kl. 09.30 Enkel servering
Kl. 10.00 Rådsmøtet startar med eit felles møte med Kongsbergregionen
Kl. 12.00 Lunsj
Kl. 12.45 Rådsmøtet held fram

Etter rådsmøtet vert det representantskapsmøte i PPT.

Vi ynskjer velkomen til Tuddal Høyfjellshotel.

Venleg helsing Vest-Telemarkrådet

Jarand Felland, regionordfører
Anne Aasmundtveit, regionrådsleiar

SAKLISTE

Rådsmøte torsdag 13. oktober 2020 kl. 10.00

- 40/2020 Felles møte med Kongsbergregionen
- 41/2020 Referat førre møte
- 42/2020 Referatsaker
1. Vedkommende prosjektsøknad frå Vestfold og Telemark fylkeskommune om Kompetansepilot
- 43/2020 Orienteringar
1. DPS øvre og nedre Telemark ved seksjonsleder Kari Roko Tveiten og seksjonsleder Christina Engebretsen
2. Småbruksprosjektet ved Johannes Rindal
3. Klimaplan ved Anne Aasmundtveit
- 44/2020 Omorganisering av Vest-Telemarkrådet etter ny kommunelov
- 45/2020 Vest-Telemarkkonferansen 2021
- 46/2020 Eventuelt

Representantskapsmøte i PPT etter rådsmøtet.

Sak 40/2020 Felles møte med Kongsbergregionen

Tema/saker som skal bli drøfta er:

- Presentasjon av Kongsbergregionen v/regionrådsleder Kari Anne Sand
- Presentasjon av Vest-Telemarkrådet v/ regionordfører Jarand Felland
- Aktuelle tema til drøfting
 - Øvre Telemark sin plass i Vestfold og Telemark fylkeskommune v/Jarand Felland
 - Notodden flyplass v/Dag Flåterud, flyplassjef
 - Luftambulans v/Jon Rikard Kleven
 - E134 v/Bengt Halvard Odden
 - Universitetet i Sørøst-Noreg v/Kari Anne Sand
 - Sjukehus v/Gry Fuglestveit
- Ny organisering etter kommunelov - Annette Finnerud gir ei orientering om Kongsbergregionen si omorganisering

Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet tysdag 1. september 2020 kl. 10.00 – 14.30
Stad: Byrte grendehus i Tokke

Tilstades:

Regionordfører og ordfører i Tokke Jarand Felland,
Regionvaraordfører og ordfører i Nissedal Halvor Homme
Ordfører i Vinje Jon Rikard Kleven
Ordfører i Seljord Beate Marie Dahl Eide
Ordfører i Fyresdal Erik Skjervagen
Ordfører i Kviteseid Bjørn Nordskog
Kst rådmann i Tokke Finn Arne Askje
Rådmann i Nissedal Sverre Sæter
Kst rådmann i Seljord Frid Berge
Rådmann i Fyresdal Une Marit Tangen
Rådmann i Kviteseid Øystein Tveit
Rådmann i Vinje Jan Myrekrok
Regionrådsleiar i VTR Anne Aasmundtveit
Utviklingsleiar i VTR Johannes Rindal

Konsulent Børge Skårdal
Rådgjevar Thomas Berstad, Telemark Næringshage
Vest-Telemark Blad

27/2020 **Referat førre møte**

Vedtak: *Referat frå rådsmøtet vart godkjent*

28/2020 **Referatsaker**

Regionordfører gjorde greie for referatsakene.

Vedtak: *Referatsakene vart tatt til vitande*

29/2020 **Orienteringar**

1. Prosjekt Fjell-Telemark ved Thomas Berstad, rådgjevar i Telemark Næringshage på vegne av verksemdene i prosjektet
2. Vest-Telemark Barnevernsamarbeid - kjøp av advokattenester ved rådmann Øystein Tveit
3. Småbruksprosjekt ved Johannes Rindal

Prosjekt Fjell-Telemark

Thomas Berstad, rådgjevar i Telemark Næringshage, ga ein statusrapport for Fjell-Telemark. Fjell-Telemark er eit næringslivsinitiert prosjekt med utspring i covid-19. Alle dei involverte håpar at eit slikt godt samarbeid kan halde fram.

Tilskot på til saman kr. 230´ frå kommunane har vore nytta til marknadsføring.

Stor vekst i omsetning og aktivitet i sommar. Hausten ser krevjande ut, estimert 22 % omsetningssvikt frå starten av august og ut året. Bedriftene som er med ynskjer eit formelt bedriftsnettverk. Sjå vedlagte presentasjon.

Vest-Telemark Barnevernsamarbeid

Jarand Felland introduserte og oppsummerte prosessen.

Rådmann i Kviteseid, Øystein Tveit reiegjorde for kjøp av advokattenester. Ingen avtale per i dag, har kjøpt advokatbistand etter behov.

Bakgrunnen var barnevernreforma 2020. Målet er at fleire skal få rett hjelp til rett tid.

Rettsaker ved overtaking av barn-det er her barnevernet treng advokatbistand. Det vil koma ei politisk sak til kommunane om å opprette eit ressursteam for å jobbe førebyggjande og bistå i enkeltsaker for å motverke institusjonsopphald og omsorgsovertaking.

Småbruksprosjekt

Johannes Rindal ga ei orientering om arbeidet med småbruksprosjektet.

Vedtak: *Orienteringane vart tatt til vitande*

30/2020 Klimaplan

Anne Aasmundtveit la fram saka og gjorde greie for korleis arbeidet med planen er tenkt framover.

Vedtak: *Det vert løyvd kr. 200.000,- frå unytta driftsmidlar i budsjett 2020, ansvar 1100, til utarbeiding av felles klimaplan i tråd med saksutgreiinga. Vest-Telemarkrådet utgjer styringsgruppa.*

31/2020 Justert budsjett 2020

Anne Aasmundtveit gjekk gjennom framlegget til justert budsjett 2020.

Vedtak: *Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til justert budsjett 2020.*

- 1. Eit mindreforbruk på administrasjonen sitt driftsbudsjett kr. 200' blir overført til klimaplanarbeidet.*
- 2. Resterande mindreforbruk på administrasjon på kr. 150' og på prosjekt på kr. 230' vert overført disposisjonsfondet*
- 3. Kr. 300' frå fylkeskommunen til forprosjekt lokalmat i Fjell-Telemark vert overført disposisjonsfondet.*

32/2020 Digitaliseringsprosjektet

Innspel i møtet:

- Diskusjon om når og i kva grad kommunane kan forplikte seg no. Stillinga vil i fyrste omgang måtte vurderast i samband med kommunane sine økonomiplanvedtak i desember.
- Det vil vera eit spleiselag mellom Vest-Telemarkrådet og kommunane med ei 50/50 deling der totalbudsjettet er på kr. 1.024 000,-. Kommunane skal vurdere medfinansiering etter slik kostnadsfordeling med verknad frå 1. januar 2022.

Kostnadsfordeling					
Kommune	Innbyggjarar	Prosent	Prosentvis fordeling kr	Fast kr	Årleg andel kr
Fyresdal	1269	9,11	23 311	42 667	65 978
Nissedal	1444	10,36	26 522	42 667	69 188
Kviteseid	2436	17,49	44 774	42 667	87 441
Seljord	2902	20,82	53 299	42 667	95 966
Tokke	2177	15,62	39 987	42 667	82 654
Vinje	3707	26,60	68 096	42 667	110 763
Totalt kr					511 990

Vedtak: *Saka sendast til kommunane for handsaming om medfinansiering av ein fast digitaliseringskoordinator med verknad frå 2022 i tråd med saksutgreiinga*

33/2020 **Start Opp (etablerarkontoret)**

Anne Aasmundtveit la fram saka.

Innspel i møtet:

- Om anbod, viktig at dette tilbudet er lokalisert i regionen.
- Drop-in-tilbudet kan avviklast. Meir effektiv bruk av tid å avtale møte.

Vedtak: *Det blir innhenta anbod på Start Opp hausten 2020 med m.a. følgjande innhald:*

- *ei ramme på inntil 250 rådgjevingstimar per år*
- *avtalte kontaktmøte med etablerarar ute i kommunane*
- *samarbeid med næringssejane*
- *marknadsføre Start Opp*
- *koordinering av samordningsaktivitetar*

34/2020 **Høyringsinnspel til regional planstrategi - Å utvikle Vestfold og Telemark – verdiskaping gjennom grøn omstilling**

Børge Skårdal presenterte den regionale planstrategien som fylkeskommunen har lagt ut på høyring. Omfattande dokument, basert på faktagrunnlaget i *Ditt og Mitt Vestfold og Telemark og Slik lever vi i Vestfold og Telemark*. Byggjer på berekraftsmåla. Fokus på samhandling og samarbeid. Visjon: Verdiskaping gjennom grøn omstilling. Med unntak av ny plan for trafikktryggleik, er det framlegg om å oppdatere og samordne gjeldande planar. Fylkeskommunen vil prioritere utarbeiding av strategiar med tilhøyrande handlingsplanar. Utkast til høyringsuttale trekk fram dei fortrinna som Vest-Telemark har, og dei forventningane vi som region har til fylkeskommunen. Viktig at Vest-Telemark er aktive og påverkar prosessar på eit så tidleg stadium som mogleg.

Administrasjonens høyringsuttale vart lagt fram og drøfta.

Følgjande innspel kom fram i møtet:

- Planen har fokus på fortetting. Kan vere krevjande for oss mtp nye bustader og næringsområde.
- Høge klimaambisjonar, med 60 % reduksjon innan 2030. Må rekne inn opptak i skog og nyttegjere seg dei fornybare ressursane vi har i regionen.
- Vurdere bruken av ordet «geografi» i framlegget til tekstendringar.
- Mobildekning og utbygging av fiberbreiband svært viktig for Vest-Telemark.
- Desentraliserte høgskule- og universitetstilbod bør nemnast.
- Side 47: Økt bruk av fornybar energi. Påvirke sentrale myndigheter for å sikre bedre lokale rammevilkår for kraftproduksjon.
- Si noko om minimumsstandard på fylkesvegane. Veg må prioriterast der ein ikkje har andre alternativ.

Vedtak: *Arbeidsutvalet i Vest-Telemarkrådet innarbeider innspela som kom i møtet, og sender ut endeleg utkast for godkjenning på e-post.*

35/2020 **Førebuing møtet med Kongsbergregionen 13. oktober**

Framlegg frå dagleg leiar i Kongsbergregionen:

- Presentasjon av Vest-Telemarkrådet v/Rådsleder
- Presentasjon av Kongsbergregionen v/Regionrådsleder
- Resultater fra markedsundersøkelsen Notodden flyplass
- Status E134
- Ny organisering etter kommunelov- hvordan gjøres det i de to rådene
- Sterkere samarbeid – høringer, mot fylkeskommunen o.l.

Innspel i møtet:

- Orientering ved Kongsbergregionen om ny organisering
- Digitalisering som tema. Korleis har Kongsbergregionen løyst dette?
- Luftambulansse
- Dei to leiarane diskuterer i forkant strategi rundt medieutspel knytt til møtet

Vedtak: *Administrasjonen utarbeidar ein agenda basert på innspela i rådsmøtet og går i dialog med leiaren i Kongsbergregionen om denne. Arbeidsutvalet fastsett til slutt saklista*

36/2020 Møte med Telemarksbenken?

Vedtak: *Digitalt møte rett etter at statsbudsjettet er lagt fram. Tema: Statsbudsjett 2021.*

37/2020 Vest-Telemarkkonferansen?

Rådet drøfta om og i kva form ein eventuell konferanse kan gjennomførast.

Vedtak: *Saka vert lagt fram på nytt 13. oktober*

38/2020 AU som valnemnd

Vedtak: *AU skal ikkje vera valnemnd*

39/2020 Eventuelt

Ingenting kom opp under eventuelt



Vest-Telemarkrådet

Til Vestfold og Telemark fylkeskommune
Ved Lisbeth Eek Svensson, direktør for Næring, innovasjon og kompetanse

Kviteseid, 25. september 2020

Vedkommande prosjektsøknad fra Vestfold og Telemark fylkeskommune om Kompetansepilot

Vest-Telemarkrådet støtter prosjektsøknaden Kompetansepilot Vestfold og Telemark, og vil bidra til at vi saman med Vestfold og Telemark fylkeskommune utviklar og prøvar ut nye måtar og modellar for å nå måla som er sett for ordninga.

Kompetansepilot i Vestfold og Telemark skal bidra til å mobilisere til kompetanseutvikling i samsvar med arbeidslivet sine behov i Øvre Telemark. Målgruppa vil vera offentleg og private verksemdar med særleg vekt på små bedrifter. Piloten skal opplevast som relevant og viktig for verksemdene, med det føremål å stø opp under deira evne og muligheit til å utvikle relevant kompetanse. Det er og eit mål at kompetansepiloten gjennom testing og evaluering kan bli vidareutvikla til å bli ei permanent ordning som bidrar til auka verdiskaping og sysselsetting i regionen.

Fylkeskommunen skal gjennomføre prosjektet i samarbeid med næringslivet, kommunane, kompetansetilbydarane og eventuelt andre relevante aktørar i den aktuelle delregion. Vest-Telemarkrådet ynskjer å bli involvert i planlegging og gjennomføring av prosjektet, og vil bidra til samskaping i regionen for å nå målet med ordninga.

Med venleg helsing
Vest-Telemarkrådet
Samarbeidsorgan for kommunane
Vinje, Fyresdal, Tokke, Nissedal, Seljord og Kviteseid

Anne Aasmundtveit
Regionrådsleiar


Sak 44/2020 Omorganisering av Vest-Telemarkrådet etter ny kommunelov

Vest-Telemarkrådet er i dag organisert som ei juridisk eining med heimel i kommunelova § 27. Føremålsparagrafen i rådet seier følgjande:

«Vest-Telemarkrådet skal vere eit samarbeidsorgan for dei deltakande kommunane på alle område og alle plan, og skal vere eit organ for løysing av felles spørsmål og oppgåver for dei same kommunane.»

I ny kommunelov blir ikkje § 27 samarbeid vidareført, og eksisterande samarbeid må omorganisast innan 2023. I den nye lova vert to nye organisasjonsformer introdusert; kommunalt oppgåvefelleskap (**oppgåvefelleskap**) som er meint for produksjonssamarbeid, og interkommunalt politisk råd (**politisk råd**) som er ei vidareføring av den ulovfesta politiske samarbeidsforma regionråd. Dagens regionråd er heimla i tidligere kommunelov § 27 om felles styre for interkommunale oppgåver og har i hovudsak behandla grenseoverskridande oppgåver som kjem i tillegg til dei ordinære oppgåvene kommunane har ansvar for.

Ved avvikling av organisasjonsforma § 27 samarbeid, kan Vest-Telemarkrådet bli vidareført gjennom eit interkommunalt politisk råd, eit kommunalt oppgåvefelleskap, vertskommunesamarbeid, interkommunalt selskap, aksjeselskap eller samvirkeforetak eller ei foreining.



Figur 1: Organisering av interkommunale oppgåvar

Vest-Telemarkrådet er i dag eit sjølvstendig rettssubjekt. Dei tilsette er tilsett i rådet, rådet har eigen økonomi, og rådet er øvste forvaltar av Vest-Telemarkrådet med det ansvar og dei oppgåver dette inneber, som eit styre i eit IKS eller AS.

Uavhengig av val av framtidig organisasjonsform, så er politisk råd og oppgåvefelleskap meint å erstatte dagens § 27 samarbeid. Dei nye organisasjonsformane skal vera meir regulerte og er lovfesta i den nye kommunelova kap. 18 og kap. 19.

Eit politisk råd er eit naturleg alternativ til eit politisk samarbeid som har fokus på tema som t.d. eigarstrategi, samferdsel og næringsutvikling. Det politiske rådet skal vera ein politisk arena, difor er det ikkje logisk at tenesteproduksjon blir lagt innunder denne samarbeidsforma.

Det er fritt for kommunane i dagens Vest-Telemarkråd å organisere seg som eit politisk råd eller dele opp organisasjonen, som t.d. i eit politisk råd og eit oppgåvefelleskap. Det er heller ikkje naudsynt at dei to organisasjonane har identiske deltakarar.

Vest-Telemarkrådet har i alle år jobba både på politisk nivå og med tenesteutvikling som t.d. digitalisering og velferdsteknologi. Med dei to organisasjonsformane, politisk råd og oppgåvefelleskap, blir det eit tydelegare skilje mellom politisk samarbeid og tenestesamarbeid.

Interkommunalt politisk råd

- To eller fleire kommunar kan saman opprette eit politisk råd.
- Rådet kan handsame saker på tvers av kommunegrensene.
- Det er kommunestyra som vedtek sjølv å opprette eit slikt råd.
- Mynde til å treffe enkeltvedtak kan ikkje bli delegerert til eit politisk råd.
 - Politisk råd kan likevel bli gitt mynde til å treffe slike vedtak om interne forhold i samarbeidet og til å forvalte tilskotsordningar.
- Rådets namn skal innehalde orda interkommunalt politisk råd.
- Blir styrt av representantskap og eventuelt eit styre. Representantskapen er det øvste organet.
 - Samtlege deltakarar i rådet skal være representert med minst eitt medlem i representantskapen. Kvart kommunestyre vel sjølv sine medlemmar og minst like mange varamedlemmar. Viss ikkje anna er fastsett i samarbeidsavtala, vel representantskapen sjølv sin leiar og nestleiar. Det kan bli fastsett i samarbeidsavtala at verva som leiar og nestleiar skal gå på omgang mellom deltakarane.
- Representantskapen kan tilsette ein dagleg leiar til å forstå den daglege leiinga av rådet.

Ved oppretting av eit politisk råd skal det bli inngått ei skriftleg samarbeidsavtale mellom alle deltakarane i rådet. Sjå vedlagte døme på samarbeidsavtale gjeldande for Gardermoregionen interkommunalt politiske råd.

Samarbeidsavtala skal fastsette (min. krav) :

- a) rådets namn
- b) om rådet er eit eget rettssubjekt
- c) tal på medlemmar den enkelte deltakar skal ha i representantskapen
- d) kva for saker rådet skal kunne behandle
- e) kva for mynde som er lagt til rådet

- f) den enkelte deltakar sin eigardel i rådet og ansvarsdel for rådets forpliktingar viss ansvarsandelen avvik frå eigardelen
- g) korleis deltakar kan tre ut av rådet
- h) korleis rådet skal bli oppløyst, blant anna kven som skal ha ansvaret for oppbevaringa av rådet sitt arkiv etter at rådet er oppløyst

Kommunalt oppgåvefellesskap

- Det er kun eit obligatorisk organ i eit oppgåvefellesskap (representantskapen) der samtlege deltakarar må være representert.
- Ikkje krav om styre, men representantskapen har høve til å opprette styre.
- Representantskapen i oppgåvefellesskapet er som eit «folkevald organ» etter kommunelova.
 - Representantskapen i oppgåvefellesskap må dermed ha ope møte og følge dei same reglane som eit kommunestyre.
- Mynde til å treffe enkeltvedtak kan ikkje bli delegerert til eit oppgåvefellesskap.
- Politikarane kan avgjere om eit oppgåvefellesskap skal vera ein del av kommunen eller eit sjølvstendig rettssubjekt.

Representantskapen er det øvste organet i eit kommunalt oppgåvefellesskap. Samtlege deltakarar skal vera representert med minst eitt medlem i representantskapen. Kvart kommunestyre vel sjølv sine medlemmar og minst like mange varamedlemmar. Dersom ikkje noko anna er fastsatt i samarbeidsavtala, vel representantskapen sjølv sin leiar og nestleiar. Det kan fastsettast i samarbeidsavtala at verva som leiar og nestleiar skal gå på omgang mellom deltakarane.

Samarbeidsavtala skal fastsette (min. krav)

- a) oppgåvefellesskapets namn
- b) om oppgåvefellesskapet er eit eget rettssubjekt
- c) tal på medlemmar den enkelte deltakaren skal ha i representantskapen
- d) kva for oppgåver og mynde som er lagt til oppgåvefellesskapet
- e) deltakaranesinnskotsplikt og plikt til å yte andre bidrag til oppgåvefellesskapet
- f) den enkelte deltakars eigardel i oppgåvefellesskapet og ansvarsdel for fellesskapets forpliktingar hvis ansvarsdelen avvik frå eigardel
- g) om oppgåvefellesskapet skal ha mynde til å ta opp lån
- h) kva oppgåvefellesskapet skal rapportere til deltakarane om
- i) korleis deltakarane kan tre ut av oppgåvefellesskapet
- j) korleis oppgåvefellesskapet skal bli oppløyst, blant anna kven som skal ha ansvaret for at oppgåvefellesskapets arkiver blir oppbevart etter at oppgåvefellesskapet er oppløyst

Tema til drøfting

Den nye kommunelova krev at ein reindyrkar politisk råd og tenesteproduksjon. Vest-Telemarkrådet bør no gå inn i ein prosess med sikte på omdanning av dagens samarbeidsform for å skilje på den politiske aktiviteten og tenesteproduksjonen.

Når det gjeld det politiske området for samarbeid er det naturleg at målet er omforeinte løysingar, slik at rådet blir eit konsensusorgan som no.

Det er ambisjonsnivået og oppgåveløysinga som vi leggje føringer for korleis ein organiserar både rådsarbeidet og felles tenesteproduksjon:

- Kartlegge og evaluere kva Vest-Telemarkrådet har fokusert på og kva som skal bli lagt vekt på i framtida.
- Talet på deltakarar i representantskapen(a).
- Skal det opprettast styre?
- Vurdere behov for eit sekretariat med dagleg leiar eller om det administrative skal løysast på anna måte.
- Ta stilling til om dagens oppgåver utført av sekretariat i Vest-Telemarkrådet skal delast opp. Ved ei slik deling vil det vera natuleg at dagleg leiar og utviklingsleiar blir organisert under et politisk råd, medan digitaliseringsprosjektet og prosjekt for vedferdsteknologi går til samarbeid for tenesteproduksjon, anten organisert som eit oppgåvefellesskap eller eit vertskommunesamarbeid. Det er viktig å vera merksame på at om ein vel eit administrativt vertskommunesamarbeid for tenesteproduksjonen, mister dei andre kommunane «styringsretten» ved at det blir vertskommunen som bestemmar og ikkje ein representantskap.
- Skal ein jobbe vidare med målsettingar og tiltak som ligg i det 2-årige arbeidsprogrammet, kan dei bli vidareført som eigne dokument inn i ny(e) organisasjon(ar).

Framlegg til vedtak: Regionrådsleiar jobbar vidare med saka basert på innspel i rådet

Gardermoregionen interkommunalt politisk råd – samarbeidsavtale

Vedtatt	Dato
Kommunestyret i Eidsvoll kommune	06.11.2018
Kommunestyret i Gjerdrum kommune	21.11.2018
Kommunestyret i Hurdal kommune	24.10.2018
Kommunestyret i Nannestad kommune	06.11.2018
Kommunestyret i Nes kommune	20.11.2018
Kommunestyret i Ullensaker kommune	13.11.2018
Fylkesutvalget Akershus fylkeskommune	10.12.2018

1 *Navn*

Virksomhetens navn er Gardermoregionen interkommunalt politisk råd.

Virksomheten er et selvstendig rettssubjekt med eget organisasjonsnummer.

2 *Deltakere og hjemmel*

I henhold til kommunelovens § 18-4 er denne samarbeidsavtale inngått mellom:

- Eidsvoll kommune
- Gjerdrum kommune
- Hurdal kommune
- Nannestad kommune
- Nes kommune
- Ullensaker kommune
- Akershus fylkeskommune

Gardermoregionen interkommunalt politisk råd er samarbeidsorgan for kommunene Eidsvoll, Gjerdrum, Hurdal, Nannestad, Nes, Ullensaker og Akershus fylkeskommune.

Samarbeidsorganet er opprettet i medhold av kommunelovens § 18-1 Interkommunalt politisk råd.

Rådet kan, etter søknad, utvides med flere kommuner som medlemmer. Vedtak om eventuell utvidelse tilligger kommunestyrene og forutsetter at alle kommunestyrene gir sin tilslutning.

3 Formål

Gardermoregionen interkommunalt politisk råd har som formål:

- styrke Gardermoregionens omdømme og være kommunenes felles redskap for bærekraftig regional vekst, gode livsvilkår, samordnet tjenesteyting og effektivisering
- etablere en felles forståelse for utfordringene i regionen og å søke løsninger som utnytter de positive virkningene av den strategiske beliggenhet, nærhet til hovedflyplassen og annen sentral infrastruktur
- gjennomføre en langsiktig og helhetlig planlegging for å bevare og videreutvikle regionens fortrinn
- styrke etablering og utvikling av næringsliv, universitet/høyskole, offentlige/statlige institusjoner og frivillig sektor gjennom felles initiativer og prosjekter
- tilrettelegge og samordne tilbudet av offentlige tjenester for å gjøre regionen til et attraktivt og godt område å bo og leve i

4 Rammer for virksomheten

Rådet kan behandle saker som går på tvers av kommunegrensene.

Rådet kan ikke gis myndighet til å treffe enkeltvedtak.

Rådet kan likevel gis myndighet til å treffe vedtak om interne forhold i samarbeidet og til å forvalte tilskuddsordninger.

5 Innsatsområder for samarbeidet

- Interessepolitikk: Styrke områder slik som samferdsel, arealbruk, næringsutvikling, høyere utdanning og statlige arbeidsplasser.
- Regional utvikling: Utnytte muligheter som den strategiske beliggenhet gir for utvikling av næring og lokalsamfunn.
- Livsvilkår: Utvikle tjenester til innbyggerne, bedre levekår, styrke kultur og bygge felles identitet.
- Interkommunalt samarbeid: Utvikle og styrke samarbeid til beste for innbyggerne
- Omdømmebygging: Synliggjøre Gardermoregionen gjennom profilering og utvikling av digitale plattformer.

6 Saker rådet skal kunne behandle

Rådet behandler de saker som styret bestemmer.

Rådet har ikke myndighet til å binde kommunene opp økonomisk eller politisk.

7 Myndighet som er lagt til rådet

- Fremme og utrede forslag om felles satsinger og tiltak.
- Avgi felles uttalelser på vegne av de samarbeidende kommuner.
- Etablere prosjekter og tiltak innenfor egen budsjettamme, eventuelt med tillegg fra ekstern finansiering.

8 Organisering av samarbeidet

8.1 Representantskap

Representantskapet for Gardermoregionen interkommunal politisk råd utgjøres av ordførerne i de deltakende kommuner med varaordfører som personlig vararepresentant. Hver kommune har én stemme.

I tillegg består representantskapet av fylkesordfører med fylkesvaraordfører som vararepresentant.

Hvert kommunestyre og fylkeskommunen utpeker i tillegg én representant.

Representantskapet vedtar årsbudsjett, handlingsplan, regnskap og årsmelding.

8.2 Styre

Kommunenes ordførere og fylkesordføreren utgjør styret for Gardermoregionen interkommunal politisk råd. Kommunenes rådmenn og fylkesrådmannen deltar på styremøtene med tale- og forslagsrett.

Vervene som leder og nestleder går på omgang mellom kommunene med ettårig funksjonstid.

8.3 Arbeidsutvalg

Arbeidsutvalget utarbeider møteplan, årsmelding, regnskap og saksdokumenter til styremøtene.

Styrets leder og nestleder utgjør arbeidsutvalget. Deres rådmenn deltar på møtene med tale- og forslagsrett.

8.4 Sekretariatsfunksjon

Sekretæren ivaretar regionrådets administrative funksjoner. I tillegg utføres enklere saksbehandling etter avklaring med styreleder.

Sekretærfunksjonen tillegges den kommune styret bestemmer. Sekretæren har tilsettingsforhold til denne kommunen.

Sekretær rapporterer faglig og administrativt til styreleder av Gardermoregionen, men personaloppfølgingen skjer i den kommunen som innehar sekretærfunksjonen.

8.5 Rådmannsutvalg

Rådmannsutvalget utfører ved behov saksforberedelse og har ansvar for følge opp bestillinger fra styret som ikke tillegges sekretariatet.

Vervene som leder og nestleder i rådmannsutvalget går på omgang med et års funksjonstid. Vervet som leder knyttes til rådmannen i den kommune som til enhver tid har nestledervervet i styret.

8.6 Prosjektorganisasjon

Styret kan, innenfor vedtatt budsjetttramme og eksterne tilskudd, rekruttere prosjektmedarbeidere til å løse arbeidsoppgaver knyttet til virksomhetens prioriterte innsatsområder.

8.7 Årskonferanse

Hvert år arrangeres en felles konferanse for formannskapene i kommunene og fylkesutvalget i fylkeskommunen. Formålet med konferansen er:

- drøfte felles regionale utfordringer
- legge føringer for det regionale samarbeidet
- styrke eierforhold og forpliktelser i det regionale samarbeidet

8.8 Felles kommunestyremøte/samrådsmøte.

Ved behov gjennomføres fellesmøte for de samarbeidende kommunene. Disse møtene skal være arena for regionale diskusjoner der det søkes å gi de lokale politikere større innsikt og eierforhold til regionale problemstillinger. Fylkesutvalget skal inviteres til møtene.

8.9 Samarbeidsformer og beslutningsmyndighet

Samarbeidet har som intensjon, i prinsipielle spørsmål for kommunene, å basere beslutninger på konsensus mellom kommunene.

Rammene for og omfanget av virksomheten defineres i Gardermoregionens strategiplaner.

Styret vurderer fortløpende hvilke saker som må legges fram for kommunestyrene til endelig behandling.

Styret arbeider innenfor de fullmakter ordførerne er gitt fra sine respektive kommuner.

9 Eier- og ansvarsandel

- Den enkelte deltakeren i Gardermoregionen interkommunalt politisk råd har ubegrenset økonomisk ansvar for sin andel av rådets forpliktelser. Til sammen skal andelene utgjøre rådets samlede forpliktelser.
- Den enkelte kommunes eierandel i rådet utgjøres av den enhver tids andel av folketallet, og derved innbyggertilskuddet, i de deltakende kommuner.
- Den enkelte kommunes ansvarsandel for rådets forpliktelser er lik eierandelen.
- Fylkeskommunens eier- og ansvarsdel utgjøres av det årlige tilskuddsbeløp til det interkommunale politiske råd.

10 Prokura og attestasjon

Styreleder tildeles prokura.

Sekretariatsleder og leder av rådmannsutvalget har attestasjonsmyndighet.

11 Økonomi, regnskap og årsberetning

Virksomheten finansieres av de enkelte kommuners bidrag pr. innbygger samt tilskudd utenfra. Tilskuddet utgjør per dato 25,- kr per innbygger i de deltakende kommuner. Eventuelle endringer av kommunenes bidrag vedtas av kommunestyrene.

Fylkeskommunens bidrag fastsettes i egen avtale.

Regnskapsføringen tillegges den kommune styret bestemmer.

Representantskapet fastsetter årsbudsjett og godkjenner årsregnskap i samsvar med gjeldende forskrifter.

Samarbeidsorganet har ikke myndighet til å ta opp lån eller på annen måte pådra deltakerne økonomiske forpliktelser.

12 Uttreden fra rådet

Uttreden fra rådet skal skje i samsvar med kommuneloven § 18. pkt. 2. En deltaker som trer ut av rådet, fortsetter å ha økonomisk ansvar for sin andel av de forpliktelsene rådet har på det tidspunktet deltakeren trer ut.

13 Oppløsning av rådet

Oppløsning av rådet skjer i samsvar med kommuneloven § 18. pkt. 2 etter særskilt vedtak i kommunene og med ett års avviklingstid. Tidligere deltakere fortsetter å ha økonomisk ansvar for sin andel av de forpliktelsene rådet har på det tidspunktet rådet oppløses.

Den kommune som innehar ledervervet ved vedtak i kommunene om oppløsning av samarbeidet, har ansvaret for oppbevaringen av rådets arkiver etter at rådet er oppløst.

14 Endringer i samarbeidsavtalen

Endringer i samarbeidsavtalen skal godkjennes ved likelydende kommunestyrevedtak i de deltakende kommuner.

15 Ikrafttredelse og endringer av samarbeidsavtalen


Samarbeidsavtalen er tilpasset ny kommunelov, kapittel 18, og lovhenvisingene er til denne. Inntil denne loven trer i kraft, er samarbeidet hjemlet i §27 i Kommuneloven av 1992.

Samarbeidsavtalen gjøres gjeldende fra det tidspunkt alle kommunene har gitt sin tilslutning.

Representantskapet vedtar selv, i samsvar med kommuneloven § 18-4 tredje ledd, mindre vesentlige endringer i samarbeidsavtalen. Slike endringer må vedtas enstemmig av et fulltallig representantskap.

Vedlegg til samarbeidsavtalen - Suksessfaktorer

Gardermoregionen interkommunale samarbeid er basert på disse suksessfaktorer.



Sak 45/2020 Vest-Telemarkkonferansen 2021

Vest-Telemarkrådet drøfta i sak 37/2020 *Vest-Telemarkkonferansen 2021*? korleis ein eventuell konferanse kan bli gjennomført. Det rådde skepsis blant ordførarane om at ein i det heile teke skulle planlegge eit større arrangement i desse usikre koronatider. Derfor bad rådet om at saka vert på nytt lagt fram for rådet 13. oktober.

Programkomiteen kom saman i eit Teamsmøte 15. september for å drøfte det vidare arbeidet med konferansen. Komiteen har eit sterkt ynskje om at Vest-Telemarkkonferansen 2021 blir arrangert så langt det er praktisk mogleg. Planlegginga må ta høgde for dei smittevernreglar som gjeld, og det må vere opning for å avlyse konferansen på kort varsel dersom det skulle oppstå eit lokalt smitteutbrot. Slike atterhald vil sjølvsagt påverke korleis eit program for dagen og kvelden kan sjå ut, men det er fullt mogleg å lage ein god konferanse med desse omsyna.

Vest-Telemarkkonferansen er ein tradisjonsrik møteplass, og det er viktig å skape trygge møteplassar mellom det offentlege og næringslivet i ei krevjande og usikker tid. Det offentlege har eit særleg ansvar for å halde hjula i gong, og ei avlysing av konferansen no vil ha ein svært negativ signaleffekt. 2021 er eit valår, og konferansen vil òg kunne vere ein sentral arena for å setje dagsorden og engasjere politikarar.

Aktuelle tema for konferansen kan vera:

- Vest-Telemark etter koronaen: Ei mulighet for omstilling og vekst
- Vest-Telemark som reiselivsdestinasjon
- Vest-Telemark i det nye fylket
- Vest-Telemark som knutepunkt

Suksesshistoriar frå næringslivet har vore eit populært innslag på konferansen, så det er naturleg at det blir ein bolk på dette òg i 2021.

Framlegg til vedtak: Komiteen får i oppdrag å planlegge for at det kan bli gjennomført ein fysisk Vest-Telemarkkonferanse i 2020. I planlegginga skal det bli tatt høgde for dei smitterverntiltaka som gjeld og ei eventuell endring i den lokale smittesituasjonen.